



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-M16
Arkivsaksnr: 11/149	Løpenr: 14/6899
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Naturutvalet	26.11.2014	069/14	RLØ
Kommunestyret	17.12.2014	072/14	RLØ

UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021, MED TILTAKSPROGRAM OG OVERVAKINGSPROGRAM**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving.

26.11.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Ordførar Marit A Aase sette fram slikt framlegg til tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak: *Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.*

I diskusjonen kom det fram ønske om at det i vedtaket også vart teke inn at det skulle vera ei vurdering av konsekvensar.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med at ordet konsekvensar vart fletta inn. Ordføraren sitt framlegg til tillegg vart samrøystes vedteke.

NAT-069/14 VEDTAK:

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta/konsekvensar. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving. Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon

17.12.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Naturutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-072/14 VEDTAK:

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta/konsekvensar. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving. Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Høyringsdokumenta Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021, tiltaksprogram og overvakingsprogram for vassregion Hordaland er å finna på følgjande nettside:

<http://vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651898>

På vannportalen.no/hordaland finn ein alle relevante dokument for planprosessen så langt.

Kva saka gjeld:

I samsvar med vassforskrifta og regional planstrategi for 2010-2014 er det utarbeidd høyringsframlegg til Regional plan for vassregion Hordaland og tilhøyrande tiltaksprogram og overvakingsprogram. Denne planen er den første av tre slike planar som det skal gjerast vedtak av i 2015, 2021 og 2027, og arbeidet med tiltak i vassførekomstane går fram til 2033. Planarbeidet har vore leia av vassregionutvalet, ei samansett styringsgruppe med fylkesvaraordførar som leiar. Alle kommunane i vassregionen og aktuelle statlege sektormyndigheiter er med i vassregionutvalet.

Den regionale vassforvaltningsplanen er eit oversiktsdokument på regionalt nivå som gir ei kortfatta og oversiktleg oppsummering av kunnskapsgrunnlaget planen er bygd på. Planen er sektorovergripande og skal bidra til å styra og samordna vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å leggja miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Ordforklaringar

Vassførekomst – Ei avgrensa og betydeleg mengde av overflatevatn, som til dømes innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller delar av desse.

Karakterisering – Ei objektiv innsamling og registrering av data og kunnskap om vassførekomsten for å kunna identifisera og gradera påverknadar og miljøtilstand i ein vassførekomst.

Påverknad (type) – Kjente tilhøve eller aktivitetar som blir vurdert å kunna påverka miljøtilstanden i vassførekomsten. Alle relevante påverknadar som kan gje avvik frå naturtilstanden skal registrerast i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning – Vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler).

Grad av påverknad – Ei gradering av kor stor konsekvens ein påverknad har på vassmiljøet, skalaen går frå uvesentleg via liten, middels og stor til svært stor. Dette er ei fagleg vurdering av kor stor innverknad menneskeskapte påverknadar har på vassførekomstane, og korleis miljøtilstanden sannsynlegvis er påverka.

Økologisk tilstand – Eit uttrykk for tilstanden i vatnet når det gjeld samansetnad og verkemåte for økosystemet i ein førekomst av overflatevatn. Plassering av ein vassførekomst i svært god-, god-, moderat-, dårleg-, eller svært dårleg økologisk tilstand er basert på kunnskap om økologiske forhold i naturlege vassførekomstar. Tilstandsklassen er relatert til naturtilstanden for den aktuelle vassstypen.

Miljømål – Eit mål for kva miljøtilstand vassførekomsten skal oppnå innan 2021, eller innan 2027/2033 dersom visse kriterium tilseier ei utsetjing. Dei fleste vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk tilstand innan 2021 ("standard miljømål").

Risiko – Med risiko er her meint ei samla vurdering av risikoen for at vassførekomsten ikkje oppnår fastsette miljømål innan gjeldande tidsfristar, eller risiko for ein vesentleg forverring frå ein tilstandsklasse til ein annan.

Tiltak – Tiltak er ein aktivitet i eller ved vassførekomsten med mål om miljøforbetring i vassførekomsten. Det er mellom anna snakk om tiltak for å hindra eller avgrensa forureining, gjennomføring av biotoptiltak, restaurering, rehabilitering og vassførings- eller magasinrestriksjonar.

→Ei omfattande liste over ord og uttrykk finn ein her:

<http://vannportalen.no/enkel.aspx?m=36853>

Faktagrunnlag, miljømål og tiltak

Det viktigaste faktagrunnlaget for planen er data som er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning – Vann-nett (www.vann-nett.no/saksbehandler). Denne databasen er grunnlaget for vurdering av miljøtilstand og risiko for vatnet, enten basert på overvakingsdata eller på faglege vurderingar.

Dei tre påverknadane som femner om flest vassførekomstar i vassregionen er:

1. Sur nedbør
2. Hydromorfologiske endringar (i hovudsak vasskraftutbygging)
3. Forureining

Sur nedbør kan ikkje i særleg grad påverkast ved tiltak innanfor vassregionen då sur nedbør kjem av langtransportert forureining frå industri og kraftproduksjon utanfor Noreg. Tiltak i vassdrag med vasskraft og reduksjon av ulike typar forureining er viktige tiltak i tiltaksprogrammet. I tillegg er det ei hovudutfordring å ta vare på laks og sjøaure og trua artar i vassregionen.

Planen set miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Over halvparten av vassførekomstane i vassregionen hamnar i kategorien "i risiko" for å ikkje oppnå miljømåla i 2021 dersom det ikkje blir sett i verk tiltak.

Tiltaksprogrammet er ei samanstilling av tiltak for å betra vassmiljøet i vassførekomstar som står i fare for ("risiko") å ikkje nå miljømålet i 2021. Miljømåla skal i utgangspunktet nåast innan 2021 for denne planperioden. Om vesentlege kostnader eller andre tungtvegande omsyn gjer det vanskeleg å nå miljømåla innan 2021, kan forvaltingsplanen utsetja fristen for å nå målsettinga til neste planperiode (2027).

Overvakingsprogrammet for vassregion Hordaland skal danne grunnlaget for overvakinga av dei tiltaka ein skal gjennomføra i vassregionen i åra som kjem. Programmet peikar også på kva vassførekomstar ein må undersøka nærare for finna ut om tiltak er naudsynt for å nå måla i vassforskrifta.

Vurderingar og konsekvensar:

Arbeidsprosessen som vassforvaltningsplanen har vore igjennom har vore prega av at dei nasjonale føringane heile tida har vore på etterskot. Vassregion Hordaland og vassområde Vest har gjennomført mange arbeidsmøte med både politisk og administrativt nivå i kommunane, men det har heile tida vore svært vanskeleg å få grep om kva arbeidet skulle munna ut i. Det har såleis vore vanskeleg å få til omfattande medverknad.

Tilstanden i vassdraga er fastsett ut frå vurderingar gjort av fagpersonar frå fylkeskommunen og fylkesmannen, med innspel frå fagpersonar i kommunen. I svært få vassførekomstar er objektive kriterium lagt til grunn, slik som vassprøvar og økologiske undersøkingar, men eksisterande rapportar, undersøkingar og konsekvensutgreiningar har blitt brukt der desse ligg føre. Det hadde blitt ei uoverkomeleg oppgåve å kartlegga alle vassførekomstar i Noreg før ein gjekk i gong med tiltak. Ein må difor må ein berre akseptera at kunnskapsgrunnlaget ikkje er like sterkt for alle vassførekomstane. Planperioden er delt i tre. Ettersom ein får meir kunnskap, vil tiltaka bli tilpassa og det vil bli sett i verk fleire tiltak.

Endeleg vedteken plan og tiltaksprogram forpliktar ansvarleg myndigheit til å gjera vedtak om å gjennomføra eller ikkje gjennomføra tiltaka som er føreslegne. Dette skal så rapporterast til planmyndigheita (HFK).

Planen har eit viktig fokus på klimaendringar, som vil ha mykje å bety for endringar i vassmiljøet i framtida. Det er enda ikkje kunnskapsgrunnlag nok om vassførekomstane til å ta klimaperspektivet inn i tiltaksdokumentet. Dette vil nok lettare la seg gjera ved første eller andre rullering.

Plandokumentet som no ligg føre framstår som uferdig og uredigert, og har til dømes fleire tilvisingar til figurar som ikkje er å finna i dokumentet. Tiltaksdokumentet framstår på same måte, og ein kan spørja seg om innhaldet er påliteleg nok og om påverknadane og dei føreslegne tiltaka er kvalitetssikra.

Det er i arbeidet med tiltaksprogrammet ikkje gjort kost-nytte-analysar, og tiltaka som er føreslegne har ikkje ei prioriteringsrekkefølge. Før tiltaka vert sette i verk skal ansvarleg myndigheit gjera vedtak om tiltaket, eventuelt at det ikkje skal gjennomførast. Gjennom saksutgreiinga skal det då gjerast kost-nytte-analyse for å avgjera om tiltaket er samfunnsnyttig. Dette gjer at ein gjennom denne regionale planen ikkje får sett dei ulike tiltaka opp mot kvarandre og danna ei prioriteringsrekkefølge. Det blir tilfeldig kva for vassførekomstar som blir plukka først og sist for gjennomføring, noko som kan bety at tilstanden for enkelte vassførekomstar forverrar seg og at tiltaka blir dyrare jo lenger dei blir utsette.

Problemkartlegging er det tiltaket som er føreslege for flest vassførekomstar i Samnanger, og i Hordaland. Dette vil seia at vassførekomsten skal utgreiast nærare, og at ein i neste planperiode har eit betre grunnlag for å fastsetja eventuelle tiltak. I dei fleste tilfella er det kommunen som er sett som ansvarleg mynde for kartlegginga, og det må gjennom økonomiplanar og budsjett setjast av midlar til dette. Dei vassførekomstane som har problemkartlegging som tiltak vil naturleg nok ikkje få ein betra økologisk tilstand som følgje av tiltaket. Det er då litt underleg at tilstandsmålet vert sett til GØT ("god økologisk tilstand") allereie i 2021. Det er meir realistisk å få til GØT i 2027, når faktiske tiltak har blitt sett i verk.

Tabellane i tiltaksprogrammet er ikkje sortert på kommune, og for vassområde vest manglar tittellinja på tabellen som startar på side 49. Dette gjer den veldig vanskeleg og tung å lesa og finna fram i. Nokre av vassførekomstane er også spreidde på fleire ulike stader i tabellen, til dømes er Bøkselvi fordelt på side 60 og 63. Dette gjer at ein gjennom tiltaksprogrammet ikkje får oversikt over alle tiltaka som er føreslåtte for verken kommunen eller for vassførekomsten.

Tabellen for vassområde vest som startar på side 67 har fått med tittellinja, men heller ikkje denne er sortert på kommune og har også oppdelte vassførekomstar, til dømes Frølandsvatnet som er delt på side 72 og 74.

Det går ikkje fram av tabellane kva for ein påverknad det er som har ført til at vassførekomsten har hamna i risiko. Dette gjer det vanskeleg å vurdera effekten av føreslåtte tiltak.

I tiltakstabellen for innsjøar er kolonnen for ansvarleg mynde falle ut, medan den er med i tabellane for elv og sjø. Dette kan føra til at desse tiltaka ikkje blir vedtekne og gjennomførte fordi ingen er gjort ansvarleg.

Me vil sterkt rå til at tiltaksdokumentet med tabellar blir rydda opp i og kvalitetssikra før planen blir vedteken. Det må også gjerast ein jobb med å få plandokumentet til å framstå meir "ferdig", medan overvakingsprogrammet verkar meir gjennomarbeidd.

Merknader til konkrete vassførekomstar i tiltaksprogrammet:

Bøkselvi (055-142-R) er delt mellom Kvam (Skeiskvannaldalen) og Samnanger (frå Eikedalen skisenter ned til Eikedalsvatnet), men Kvam ser ut til å ha falle ut frå tiltakstabellen. Påverknaden "husdyrhold/husdyrgjødsel" (s. 60) føregår i Kvam, det føreslåtte tiltaket "problemkartlegging" blir det då Kvam som får ansvar for. Dette må takast med i tabellen for at Kvam skal bli merksame på ansvaret. Påverknaden "spreidd busetnad" (s. 63) føregår både i Kvam og Samnanger, og tiltaket "skal koplust på avløpsnett" blir gjennomført no i vinter ved ferdigstilling av kommunalt VA-nett.

055-209-R Holmavatnet sidebekkar ligg i all hovudsak i Kvam. Det er berre eit par av bekkane som har opphav i Samnanger, likevel har Kvam falle ut av tiltakstabellen. Påverknaden "husdyrhold/husdyrgjødsel" (s. 60) føregår i Kvam, og tiltaket "problemkartlegging" blir då Kvam sitt ansvar. Dette må takast med i tabellen for at Kvam skal bli merksame på ansvaret.

055-26704-L Eikedalsvatnet har påverknadstypen "spreidd busetnad" (s. 68) med "liten" grad av påverknad. Tiltaket "bygge offentleg avløpsnett også for nedre del av Eikedalen" innan 2027 kan då synast som eit noko overdimensjonert tiltak. Dette går også fram av vann-nett, der tiltaket er klassifisert til å ha "liten/middels" effekt. Me vil føreslå "problemkartlegging" som tiltak innan 2021, slik at ein kan få slått fast om miljøtilstanden verkeleg er "moderat". Dette er viktig fordi pålitelegheita til karakteriseringa av miljøtilstanden er sett til "lav". Deretter kan det fastsetjast eit passende mål og tiltak for 2027.

For vassførekomstane Grønsdalsvatnet (055-2051-L), Kvitingsvatnet (055-2052-L), Nedre Dukavatn (055-2053-L), Øvre Dukavatn (055-2054-L), Fiskevatn (055-26661-L) og Svartevatn (055-2050-L) er påverknaden "vasskraftdam" (s. 72) og påverknaden er sett frå "middels" til "svært stor", med mål om "godt økologisk potensiale" (GØP) i 2021. Desse innsjøane er regulerte og kraftig påverka av det. Reguleringa føregår etter ein fastsett konsesjon, og denne ligg ikkje slik i syklusen at den skal takast opp til vurdering i denne planperioden. Det er difor ikkje realistisk å ha GØT som miljømål innan 2021, då ingen tiltak kan påleggjast ut over konsesjonsvilkåra.

055-26719-L Frølandsvatnet har i tabellen på side 74 tiltaket "sjå kommentar", men me kan ikkje finna nokon kommentar i dokumentet. Me stiller også spørsmål ved om det er naudsynt med tiltak mot "transport/infrastruktur" når påverknadsgraden er "liten", og det er registrert andre aktivitetar med middels grad av påverknad (landbruk, vassføringsregulering), samt fleire påverknader med ukjent grad av påverknad/liten påverknad (sur nedbør, avrenning frå tettstad, påverka av lakselus).